



Åsane Mek Eiendom As  
5281 Valestrandsfossen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/8276 - 22/87962

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:  
17.11.2022

## **Adresseendring frå Roslandsvegen 380 til 382- GBNR 322/278 Mjåtveit**

**Administrativt vedtak: Saknr: 1299/22**

### **VEDTAK:**

**Med heimel i Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21 og tilhøyrande forskrift kap.12, og felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen, har Alver kommune gjort følgjande adresseendring og adressefildeling:**

<b>Gbnr</b>	<b>Brukseining</b>	<b>Eksisterande adresse/ husnr.</b>	<b>Ny tildelt adresse/husnr.</b>
<b>322/278</b>	<b>H0101</b>	<b>Roslandsvegen 380</b>	<b>Roslandsvegen 382</b>

**Kommunen har registrert vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.**

### **Saka gjeld**

I sak 21/9547 vart husnummer 380 tildelt denne eigedommen. I ettertid har tomteinndelinga vorte litt endra her, slik at den rette adressa til denne eigedommen no vert Roslandsvegen 382.

### **Vurdering**

Adresseendringa er ikkje førehandsvarsla då dette bygget endå ikkje er teke i bruk.

Tildeling av adresse er i tråd med retningslinjer for adressefildeling, og adresseendring vert difor utført. Veggen som eigedommen har tilkomst frå har adressenavnet Roslandsvegen.

**Endringa er utført i matrikkelen og adresseendringa trer i kraft straks.**

Offentlege etatar hentar opplysningar om adresseendringa frå matrikkelen. Eventuelle private kontaktar må de melda adresseendringa til sjølv.



I tilfeller der bygget med adresse ikkje synes frå adressevegen er det nødvendig med tilvisingsskilt ved avkøyring til sideveg.

Der eigedommen som har fått adressa strekkjer seg heilt fram til vegen ( der avkøyringa er), har eigar sjølv plikt til å setje opp også eventuelt nødvendig tilvisings-skilt.



Du finn meir informasjon om slike skilt på kartverket sine nettsider:

<https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/skilting-av-adresser>

#### **Regelverk**

- Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21
- Forskrift om eigedomsregistrering ( matrikkelforskrifta) Kap. 12.
- Felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/8276»

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland  
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Åsane Mek Eiendom As

5281 Valestrandsfossen